



LINDÅS KOMMUNE

Rådmannen

200400689	101
311,31	22.06.04
SKU	Saksbeh.:
U.off.:	

Detr Kongelige Sosialdepartement  
Postboks 8019

0030 OSLO

Knarvik 21.06.2004

**Administrativ høringsuttale frå Lindås kommune i høve ”Høringsnotat brukerbetaling pleie- og omsorgstjenester ”**

Viser til Høringsbrev av 23.03.04.

*”Regjeringen la i St.meld. nr. 45 (2002-2003) ”Betre kvalitet i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene” til grunn at det var behov for å sende forslag til endring i dagens regler for brukerbetaling på høring før Stortinget blir forelagt saken.*

*Endringer i dagens ordninger vil ha konsekvenser for mange brukere, deres pårørende og alle norske kommuner. Departementet anser det som avgjørende å høre høringsinstansenes vurderinger før det konkluderes i et fremlegg for Stortinget.*

*Høringsnotatet diskuterer på den bakgrunn hvorvidt dagens finansierings- og brukerbetalingsordninger er tilpasset utviklingen i pleie- og omsorgstjenesten, og det beskrives ulike alternativer til dagens todelte system.*

*Like betalingsordninger i og utenfor institusjon gir også behov for likere finansiering av disse deltjenestene. Dette er ønskelig både av hensyn til likebehandling av brukerne uavhengig av tjenestearena og av hensyn til en mest mulig effektiv ressursfordeling.”*

**Lindås kommune har følgjande kommentarar til dei ulike hovedspørsmål:**

- 1. Bør dagens todelte system for brukerbetaling og finansiering i hovedtrekk videreføres, eller er det behov for større endringer?*

Lindås kommune meiner det er behov for endringar i noverande brukarbetaling og finansiering.

Vi vil peike på at målsetjinga har to sider . Likebehandling av brukar som sikrar denne like betalingsordningar uavhengig av tenestearena opp mot kommunen sitt behov for at tenester vert finansiert likt , forutsigbart og tilstrekkeleg for at brukarane skal få dei same individuelt tilpassa tenestene uavhengig av kvar dei bur og kva bustadskommune.

Lindås kommune har likevel vanskeleg for å sjå at dei alternativ som ein her legg opp til forenkler arbeidet med eigenbetalingsordninga og sikrar målsetjinga.

Sett frå brukar kan noverande ordning verke urettferdig med inntektsgradert betaling for opphald i institusjon uavhengig av hjelpebehov, bygningsstandard og om der er einerom. Ei

Postadresse  
Postboks 85  
5902 ISDALSTØ

Besøksadresse  
Kvernhusaugane 25  
Promenaden, Knarvik Senter

Telefon  
56 35 67 00

Telefaks  
56 35 67 01

Konto  
7413 05 01005  
Organisasjonsnr.  
935 084 733

betaling knytt til bustad vil likevel ikkje gi meir rettferd då brukar i realiteten skjeldan har noko alternativ val av institusjonsplass, det vil vere dei medisinske og helsemessige behov som styrer inn mot det som til ei kvar tid er av moglege løysingar ( ledige plassar). For kommunen vil ei omlegging, der ein å skil eigenbetalinga i inst. mellom bustad og tenester, gi meirarbeid i høve tilrettelegging av berekningsgrunnlag , oppfølging og vedlikehald av spesifiserte vedtak. Og ikkje minst ser ein for seg at brukar i mange høve må hjelpast for å få ivareteke sine rettar til td. bustøtte i mangel på nære pårørande som er villige til å ta dette arbeidet el. mangel på hjelpeverjer. Dessutan er det eit dilemma at det kan synast som ein i sjukeheim tenkjer seg at brukar skal betale etter omsorgsnivå i motsetnad til i heimetenestene der ein seier at all heimesjukepleie og hjelp til personleghjelp og bistand skal vere friteke frå betaling. At dei skal betale for mat, klæsvask og reingjering av hus synest greit.

*2. Vil et enhetlig system for brukerbetaling der betalingen knyttes til bolig, daglige utgifter og egenandeler for de faktiske tjenester som ytes være mer hensiktsmessig enn dagens todelte system for brukerbetaling i og utenfor institusjon?*

Det å knytte eigenbetaling i institusjon til eit husleigeforhold med tilhøyrande søknad om bustøtte kan vera arbeidskrevjande og mindre fleksibel løysing i høve disponeringa/ fortløpande utnytting av langtidsplassane. Dette delvis grunna at slik ordning kan gi auka arbeidsmengd for kommune for å ivareta administrasjon av og søknad om bustøtte og rett leigesats og gi anna øk. hjelp til pasientane i sjukeheimen. Det kan verta vanskeleg/ meirarbeid å ivareta rettstryggleik for brukar i høve betaling , jf. pasientane sin helsetilstand under eit institusjonsopphald ,eller og eit "frivilleg" meirarbeid for pårørande og auka behov for hjelpeverjar der et ikkje er pårørande som kan ivareta pasienten sine interesser.

I dag er det og slik at og pas. på langtidsopphald må flyttast innan og mellom avdelingar og institusjonar frå tid om annan utfrå endra helsemessige behov. Jf. spesialfunksjonar og særlege tilpassingar. Td. senil demente, urolege, fysiske arealtilpassingar , spesialkompetanse o.a. Korleis kan ein kunne ivareta dette hensiktsmessig der brukar har eit inngått husleige forhold knytt til sin "bustad"?

Ei fastsett betaling som spesifiserer at betalinga er delt opp i dekking av utgifter til mat, reinhald og opphald vil kanskje gi ei betre oversikt for brukar. Det er og slik at pasienten får meir styring over egne pengar , og det kan verta likare betaling for opphaldets bukostnader og kostnader til reinhald av hus og klær og til mat. For nokre bebuarar vert dette dyrare enn dagens ordning for andre mindre.

Personleg stell/pleie og omsorg bør vere unntekte eigenbetaling slik det er for heimetenester. At brukarar i sjukeheim kan kategoriserast etter pleietyngde kan ha ei anna hensikt i høve berekning av kostnader og bør difor ikkje berøre eigenbetalinga.

*3. Bør staten fastsette regler for nivået på brukerbetaling, og i tilfelle i hvilke grad, eller bør dette være opp til den enkelte kommune å avgjøre?*

Det bør vere mest mogleg like reglar for betaling uavhengig av kvar i landet brukar bur, og kommunane bør få same muligheit til å utforme individuelle tenester. Med den økonomiske handlefridomen kommunane i dag har vil eit tak i realiteten oftast seia at kommunen må ta maksimumspris.

Endringar må ikkje medføre at kommunen sine totale inntekter frå eigenbetalinga vert svekka.

4. *Bør kommunens helhetlige finansieringsansvar for tilbudet til beboere i institusjon utvides til å omfatte en større gruppe brukere av pleie- og omsorgstjenester, f.eks beboere i omsorgsboliger. Finnes det eventuelt en bedre avgrensning av kommunens finansieringsansvar?*

Lindås kommune meiner ikkje at dagens ordning bør utvidast i høve til kommunen sitt heilskaplege finansieringsansvar. Ein har dårleg erfaring med at berekna rammeoverføringar til kommunane når dei overtek oppgåver vert skjeldan nok til å dekkja dei reelle kostnader kommunen får.

5. *Bør beboere i institusjon ha de samme rettigheter som brukere utenfor institusjon i forhold til hjelpemidler fra folketrygden, legemidler på blå resept og Husbankens bostøtteordning?*

Ordninga med blå resept og hjelpemiddel finasiert over hjelpemiddelsentral bør og gjelde for brukarar i sjukeheim. Dette for å sikre brukarane same nivå på tenester uavhengig av kommuneøkonomi. Det vil og gi ei vesentleg betre mulighet i høve å skaffe speielt tilpassa hjelpemiddel for å medverke til å varierte og tilpassa aktivitetar for den einskilde pas. ute og inne. Tilsynslegen og fastlegen vil og få same høve til å igangsetje behandling, og kommunane vert sett i stand til å gi same mulighet for behandling uavhengig av til dels store periodiske svingande utgifter i dei til kvar tid gjeldande behov. Dyr individuell behandling/ medisin til brukarar over tid kan påverke til at kommunar kan gjere nestbeste valg i høve bustad og behandling.

Innføringa av ei ny finansiering må ikkje medføre reduksjon av Lindås kommune sine økonomiske rammer for pleie og omsorgstenesta. Den må heller ikkje medføre at kommunen vert pålagt meirarbeid og meir arbeidskrevjande administrative oppgåver. Reglane må leggje til rette for at kommunane kan bruke enkle, fleksible og minst mogeleg tids- og arbeidskrevjande system for å administrere ordningane. Eit grunnprinsipp må vere at tenestene kan verte tildelte utifrå brukar sine behov og ikkje kva som er løysande/ lønsamt for kommunen.

Med venleg helsing

Lillian Næss Brundtland  
Kommunalsjef

Inger Anne H. Andersen  
Spesialkonsulent

Høringsbrevet og høringsnotatet er også lagt ut på [www.sos.dep.no](http://www.sos.dep.no).  
**Høringsfristen er satt til mandag 21. juni 2004.**

---

Postadresse  
Postboks 85  
5902 ISDALSTØ

Besøksadresse  
Kvernhusaugane 25  
Promenaden, Knarvik Senter

Telefon  
56 35 67 00

Telefaks  
56 35 67 01

Konto  
7413 05 01005  
Organisasjonsnr.  
935 084 733

## Haaland Terje

---

**Fra:** Andersen, Inger A. [IngerAnne.Andersen@lindas.kommune.no]

**Sendt:** 21. juni 2004 12:46

**Til:** Postmottak SOS

**Kopi:** Brundtland, Lillian N.

**Emne:** Høringsnotat

Sender vedlagt administrativt høringsnotat fra Lindås kommune. Ettersender dokumentet pr. post  
<<Høringsnotat.doc>>

Inger Anne H. Andersen  
Pleie og omsorg  
Lindås Kommune